

Månadsbrev for september frå distriktsguvernøren



AKTUELT FRA DG LIDUN OG DISTRIKT 2305

NYTT FRA DISTRIKTSADMINISTRASJONEN OG KOMITAENE

KVA SKJER I ROTARY

MÅNADENS TEMA

DETTE SKJER FREMOVER

Følg distriktets Facebook og instagram-kontoar!



Her skjer da mykje spennande for tida. I tillegg til at de kan følge med på mi reise ut til klubbane, har me starte med ein serie med «kvifor er eg medlem av Rotary». Videoen om «firespørsmålsprøva» er og verdt å sjå og ikkje minst dele! Og meir er under planlegging og kjem framover.

Å dele innhald herifrå er ein enkel måte å dele godt Rotary-stoff på eigne klubbkontoar (eller private kontoar)! Og er med å bidra inn til den strategiske planen – å nå ut til fleire.

Søk opp Rotary_d2305 på Instagram eller Rotary distrikt 2305 på Facebook.

Månadens tema: grunnleggande lese og skriveopplæring: Sykkylven RK samarbeider med Prosjekt Filippinene



I snart 15 år har Prosjekt Filippinene vore hovudprosjektet for Sykkylven Rotaryklubb. Prosjektet vart starta av ildsjel May Brit Tynes i Sykkylven, som har bygd ein førskule som den viktigste delen av prosjektet. Hovedfokuset i prosjektet er å gi dei fattigaste borna i slummen i byen Bogo nord på øya Cebu lese- og skriveopplæring og grunnleggande ferdigheiter i matematikk og naturfag. Prosjektet gir fattige born ein mogeheit til vidare skolegang som er ganske unik. Sjå meir på <https://www.prosjektfilippinene.no/> og distriktet si

hjemmeside <https://d2305.rotary.no/>



End polio dagen 24. oktober



Det nærmer seg marking av end-polio dagen som er en av Rotarys sin store markeringsdager.

Utbruddet på Gaza viser at vi ikke er i mål og at viktig å bidra inn i kampen. I år ønsker vi at alle klubbene markere denne dagen og distriktet vil utarbeide materiell for bruk i klubben.

Vi oppfordrer også at det markeres lokalt der vi er tilstede. Mer info i starten av oktober.

Guvernørbesøk i Gudbrandsdal, Valdres, Hadeland og Innlandet

RI-president Stephanie Urchick oppmodar til meir samarbeid mellom Rotaryklubbane. Dette for å sikre erfaringsutveksling, vennskap og inspirasjon mellom klubbane. Alle klubbane har jo same mål, som er formulerte i Rotary sin handlingsplan *Action Plan* på følgende måte (sjå handboka side 8):

1. Å gjere meir godt i verda og synleggjere dette (Impact)
2. Tiltrekke oss nye medlemmar og involvere personar utanfor Rotary (Reach)
3. Ønske alle velkommen og vere verdt folk si tid (Engage)
4. Gjere Rotary relevant i ei verd i stadig endring. (Adapt)

Klubbane har veldig mange ulike og spanande tilnærmingar til korleis ein kan nå desse måla. Noko av det mest spanande på guvernørbesøka så langt er å sjå gleda og entusiasmen som oppstår når klubbane presenterer sine flotte prosjekt og aktivitetar for kvarandre. Klubbane får idear av kvarandre og det oppstår nye muligheter for samarbeid mellom klubbane. Gode prosjekt gjer oss meir synlege og meir attraktive for potensielle nye medlemmer.

Fleire klubbar opplever at vedtektene deira vanskeleggjer medlemsverving, og ikkje er tilpassa samfunnet vi lever i. Her står lovrådsrepresentant i distriktet Gunnar Kvalsund klar til å hjelpe med vedtektsfornying. Du finn han på epost på kvalsundgunnar@gmail.com

Lillehammer, Mesna og Ringeby 10. september

Lillehammer, Mesna og Ringeby var første stopp på guvernørbesøkssturnéen, med Lillehammer Rotaryklubb og president Ragnhild Falkenberg som vertskap. Greta og eg starta heldigvis tidleg heimanfrå, for brått vart Gudbrandsdalen stengt fleire stadar på grunn av flaum og ras. Med god hjelp frå AG Arild J. Evensen fann vi ein open veg over Gålå og Peer Gyntvegen, og nådde fram til møtet i tide. Ringeby Rotaryklubb kom seg diverre ikkje til møtet, og AG Arild måtte fungere som settepresident for Ringeby.



Frå venstre AG Arild J. Evensen, president i Lillehammer RK Ragnhild Falkenberg, DG Lidun Hareide og president i Mesna RK Atle Hagtun.



Stemminga var veldig god og latteren sat laust på det opne møtet for klubbane. Presidentane Ragnhild og Atle - som er kusine og fetter - leia møtet med humor og glimt i auget. Det skjer verkeleg Rotarymagi når vi samlar fleire klubbar til felles opne møter. Vi blir kjende med kvarandre over klubbgrensene, og deltakarane var nøgde med å få lære om dei andre klubbane sine aktivitetar og prosjekt, styrker og utfordringar. Kvelden vart avslutta med kameratreff på restauranten Hygge.

Hamar Vest, Moelv og Brummunddal 11.september

President Inger Johanne Reiestad Hansen i Hamar Vest var vert for fellesmøtet og vennskapskvelden for Hamar Vest, Moelv og Brummunddal Rotaryklubbar som vart halde på Brødrene Jacobsens vinhus. Etter presentasjonen av Moelv ved president Morten Houmb, Brummunddal ved president Steinar Bergsodden og Hamar Vest ved president Inger Johanne Reiestad Hansen, hadde eg ein presentasjon. Etterpå inviterte klubbane til kameratskapskveld med tapas, taler og underhaldning. Hamar Vest har 24 kvinner og 28 menn, og har dermed ein kjønnsbalanse til inspirasjon for dei andre klubbane.





Hamar, Ottestad og Stange 12. september

President Anders Bronken i Hamar RK inviterte Stange og Ottestad Rotaryklubbar til møte og kameratskapskveld i sine fantastiske lokale i Sandbergvillaen på Domkirkeodden. Med flott sang og nydelig servering vart det ein lærerik og nyttig kveld.



Frå venstre: DG Lidun Hareide, president i Stange Alf Nyhus, president i Hamar Anders Bronken, president i Ottestad Ole Elias Holck, DG, og distriktstrenar Greta K. Herje.

Øystre Slidre, Valdres, Sør Valdres og Land 14. september

President Einar Asbjørnsen var vert for fellesmøtet for dei fire Valdresklubbane på Vikatunet på vakre Fagernes. Møtet vart opna med sang av ein flott Rotarysang og nyttig informasjon om vakre Valdres.



F.v.: sang ved Tove og Geir frå Valdres Rotaryklubb, president i Sør Valdres, Tor Morten Rød, president i Øystre Slidre, Asbjørn Robøle og president i Valdres Einar Asbjørnsen.



Medlemskapskomitérepresentant Terje Granum, distriktstrenar Greta Kristi Herje, DG Lidun Hareide og AG Åstå Marie Tvedt noterer flittig. President i Land Rotaryklubb Nils Terje Langseth stilte med eige kor.

Hadeland, Hadeland Syd og Jevnaker 15. september



Vert for fellesmøtet var president i Hadeland, Thor Gjefsen, som her presenterer Rotarymagi i klubben sin. «Det er fint å dele med dei andre klubbene» sa han. Møtet vart halde på Lygna, der klubben har gjort ein stor innsats med skiløyperydning.



Frå venstre president i Hadeland Syd, Levi Edvardsen, president i Jevnaker Frank Wernesens, DG Lidun Hareide, Atle Strande, president i Hadeland Thor Gjefsen, Andrea Hvattum, Roy Thorheim og AG Åsta MarieTvedt.

Hadeland Rotaryklubb inviterer også til foredrag om sjølvmoedsforebygging med fantastiske Marie Niljung, som mange av oss hadde gleda av å høyre på distriktskonferansen i Eda i fjor. Eg oppmodar alle Rotarianarar som har høve til det å få med seg dette foredraget, og kanskje kan det vere aktuelt for andre klubbar å arrangere noko liknande? Meir informasjon finn du her:

<https://www.kulturhadeland.no/a-bry-seg-det-hjelper-foredrag-for-a-markere-verdensdage-n4r9ba/>

ET FOREDRAG TIL INSPIRASJON OG ETTERTANKE

VÅG Å SPØRRE

VÅG Å LYTTE

VÅG Å HANDLE

HVORDAN KAN VI IVARETA VÅR EGEN MENTALE HELSE OG STØTTE HVERANDRE I VANSKELIGE TIDER?

Bli med på å markere årets verdensdag for psykisk helse. Opplev et gripende foredrag med Marie Niljung som har gjort selvmordsforebygging til sin livsoppgave!

17. OKT KL. 19.00 | HADELAND KULTURSAL | ÅPENT FOR ALLE | BILLETT: 100 KR

Rotary Hadeland Rotary Klubb

Elverum, Alvarheim og Løten 15. september



Frå venstre: president i Elverum Rotaryklubb Per Erik Skaugerud, president i Løten Rotaryklubb Per Bjørke, DG Lidun Hareide, president i Alvarheim, Vigdis Osbak og AG Torunn Hanestad.

ØKE VÅR INNFLYTTELSE

Hvordan kan vi gjøre mer godt i verden og synliggjøre dette?

Klubbens prosjekter:

- Dycorprosjektet i Nepal (2008-2024. Mange tusen har fått synnet tilbake)
- Vedlikehold av minnemerkenene på Midtåskogen (1940) og Folkehøgskolen (Kongens Nei)
- Støtte til Ukraina (Aggregater og mobile klinikker)
- Bliksk Molekylær med transport
- Delt i Samfunnsprisen (Kr 10.000,-) til organisasjon som bidrar til et godt og samfunnsnyttig formål
- Etablere Pleiegrinnsleid gjennom kommunen. Åpning 2025?

Planer for nye prosjekt:

- Rekruttering av medlemmer

President Per Erik Skaugerud i Elverum Rotaryklubb presenterer klubben sine flotte prosjekt.

President Per Bjørke i Løten Rotaryklubb presenterer Muchleikeklassen i Løten.

Gjøvik, Hunn Gjøvik, Østre Toten og Raufoss 17. september

President Ursula Julich-Øversjøen frå Hunn Gjøvik Rotaryklubb var vertskap for denne hyggelege kvelden på ærverdige Hotel Clarion Grand på Gjøvik. Oppmøtet var veldig godt og engasjementet stort, både frå presidentane og frå tilhøyrarane.



Frå venstre: president i Hunn Gjøvik, Ursula Julich-Øversjøen, president i Østre Toten, Randi Balke Hveem, president i Raufoss Kirsten Scherven og president i Gjøvik, Rune Skybak presenterer sine klubbar og spanande prosjekt med stort engasjement.



Greta og eg er litt slitne men veldig glade og inspirerte etter at vi har vitja 23 av klubbane i distriktet. Vi er imponerte både over det store engasjementet og den store spennvidda i prosjekta til klubbane.

Det er veldig kjekt å oppleve at klubbane ser verdien av og læringa i å halde fellesmøter. Det har også vore veldig kjekt å ha med dei dyktige AG'ane og medlemmane i medlemskomiteén! Eg oppmodar klubbane til å kontakte desse resursspersonane, dei har mykje å bidra med!

Sjå meir frå guvernørbesøka på: Facebook: Rotary Distrikt 2305 og Instagram https://www.instagram.com/rotary_d2305/

Dette skjer framover

Distriktskonferansen 27. – 29. september på Quality Ulstein Hotel

Konferansen er fullbooka, med 215 deltakarar. Vi gler oss til å treffe dykk i vakre Ulsteinvik!



Neste styremøte:

27. 09 i samband med distriktskonferansen.

Alt godt!

Lidun Hareide

Distriktsguvernør 2024 - 2025